Direktoratet for **naturforvaltning**

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.:	Vår ref. (oppgje ved svar):	Dato:
NVE 200204572-49 kte/lsu	**2006/4714 ARE-PI-KB**	**08.12.2006**
	Arkivkode: **442.4/361.4**	

420 kV kraftlinje frå Skåreheia til Holen - Høyring av oppdaterte undersøkingar og tilleggssøknad

Av omsyn til villreinen i Setesdal-Ryfylke vil Direktoratet for naturforvaltning oppmode til at ein vel den austlege traséen av dei to alternativa lengst nord på den ti mil lange kraftlinja frå Skåreheia til Holen. Ein kjem da lengre mot yttergrensa av villreinen sine funksjonsområde på staden, og ein unngår kryssing av Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde, som er oppretta for å verne om trekkvegar og kalvingsområde for villrein.

Direktoratet for naturforvaltning viser til brev av 6. oktober 2006, gjeldande klagehandsaming av tidlegare konsesjonsgitt 420 kV kraftlinje frå Skåreheia til Holen i Aust-Agder. Vi viser vidare til Statnett sin rapport *Oppdaterte undersøkelser*, vedlagt brevet, og til delrapportar som vi har fått frå Statnett. DN har nytta fagrapporten om potensielle effektar på villrein samt dei ulike dokumenta om kabel som alternativ til luftlinje. Vi har også brukt konsekvensutgreiinga frå 1997 i samband med arbeidet.

DN var med på Olje- og Energidepartementet og Statnett si synfaring i området den 17. oktober 2006.

Prosjektet
Olje- og Energidepartementet skal ta stilling til ei ny 420 kV kraftlinje mellom Skåreheia i Birkenes kommune og Holen i Bykle kommune. NVE sin konsesjon til linja blei påklaga av fleire partar i 1999. Saka er no tatt opp att, etter at det er endeleg avklart at straumkabelen mellom Noreg og Nederland kjem til å bli realisert. Statnett har etter pålegg frå OED utarbeidd ein tilleggsrapport om prosjektet.

Kraftlinja blir omkring 100 kilometer lang. Om ein startar i nord, går dei første ca. 30 kilometrane av linja på vestsida av Setesdalen, frå Holen kraftstasjon nord for Bossvatnet til kryssinga av dalen ved Brokke i Valle kommune. Den sørlegaste delen på kring 70 kilometer går på austsida av Setesdalen og Byglandsfjorden.

Merknader til konsesjonssøknaden
DN si høyringsfråsegn tar berre for seg den delen av prosjektet som ligg mellom Holen og Brokke. Vi uttaler oss altså ikkje til spørsmålet om transformering i Brokke eller om traséval på den sørlege delen av strekninga.

Besøksadresse: Tungasletta 2
Postadresse: N-7485 Trondheim
Telefon: 73 58 05 00
Telefaks: 73 58 05 01
Videokonf: 73 90 51 40
Internett: www.dirnat.no
E-post: Postmottak@dirnat.no
Sakshandsamar: Kristin Bodsberg
Telefon: 73 58 05 00

1. Alternativ til kraftlinje

Tilleggsutgreiinga med fagrapportar omtaler ulike framlegg om å føre straumen i kabel framfor luftleidning mellom Holen og Brokke:

- i eksisterande vasskrafttunnel (Otra Kraft)
- i fullprofilert tunnel mellom tverrslaga for vasskrafttunnelen
- langs eksisterande vegar i Setesdalen (på delstrekk vil kabelen gå over dyrka mark, gjennom tunnelar o.a.)
- langs planlagt linjestrekk

DN vil peike på at det miljømessig hadde vore svært interessant om ein kunne føre kabelen gjennom kraftverkstunnelen. Slik kunne ein unngå det aller meste av naturinngrepa på heile strekninga frå Holen til Brokke. Vi viser til at linja går relativt nært Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Delar av linja blir liggjande i ope fjellterreng, og ho framstår som eit stort inngrep i eit landskap som er verdifullt og sårbart, til tross for at det ikkje er utan tekniske inngrep.

Statnett tilrår ingen av kabelalternativa. Tre av løysingane blir avviste som heilt uaktuelle. Dette kjem særleg klart fram i dei vedlagte notata og delrapportane, mindre tydeleg i oppsummeringa (kap. 3 i tilleggsrapporten). Tunnelalternativa blir, ved sidan av omsynet til kostnadene, vurderte som praktisk og teknisk umoglege. Kabel gjennom fjellområda blir vurdert som uaktuelt, fordi det er ei kostbar løysing som òg medfører store, irreversible inngrep i høgfjellterreng. Det einaste alternativet utan luftspenn som verker som eit tenkjeleg alternativ, er framføring av kabel nede i Setesdalen.

Alternativet med kabel nede i dalen er for dårleg utgreidd til at ein kan vurdere miljøkonsekvensane. DN krev likevel ikkje ei vidare vurdering av denne løysinga. Vi er samd i at kabel langs planlagt trasé i fjellområda ikkje er ei god løysing for miljøet. DN aksepterer med andre ord at prosjektet blir gjennomført som ei kraftlinje i terrenget.

2. Strekninga Holen-Hisdalen

Det ligg føre to traséalternativ på strekninga mellom Holen og Hisdalen. NVE gav ved behandlinga av søknaden i 1999 konsesjon til det alternativet som går lengst mot vest. DN har tidlegare argumentert for at ein bør velje ein trasé lengre mot aust på denne strekninga av omsyn til verneområde, villrein og inngrepsfrie område (brev av 26.02.98, 02.11.98 og 09.02.99).

NVE grunngir valet av det vestlege alternativet (2.2.1) slik:

> *"Omsynet til m.a. det planlagte verneområdet og det spesielle kulturlandskapet i Hisdal må tilleggjast vekt ved val av traséalternativ. Etter ei samla vurdering meiner vi likevel at Bykle kommune si klare tilråding av traséalternativ 2.2.1, må vektleggjast tyngst. Vi vil på denne bakgrunn tilrå at det vert gjeve konsesjon for omsøkt traséalternativ 2.2.1 mellom Hisdal og Holen kraftstasjon."* (EK-Notat nr. 24/98, datert 12.01.1999.)

DN vil igjen oppmode om at ein vel trasé 2.2 av omsyn til nasjonale miljøinteresser. Med det meiner vi i første rekkje levevilkåra for villreinen i Setesdal Ryfylke villreinområde, inkl. biotopvernområdet som er oppretta for å ta vare på viktige funksjonsområde for villreinen. Den miljøpolitiske prioriteringa av villrein har vorte sterkare i takt med ny kunnskap fram til i dag.

Villrein

Villrein er ein art som krev store, samanhengande leveområde, m.a. for å trekkje mellom beiteområde for ulike sesongar. Det er òg viktig for villreinen å ha slike store område for å kunne veksle mellom

ulike område med same type beite når miljøtilhøva krev dette. Slike miljøtilhøve kan vere nedising om vinteren eller sterk varme og insektstress om sommaren. På denne måten kan område som er kritiske for ein villreinstamme ligge urørt i lengre tid, men vere svært viktig for reinen i framtida.

Villrein har ulik toleranse for inngrep og forstyrringar, som varierer mellom ulike villreinområde, grupper dyr og gjennom året. Villreinen i Setesdal-Ryfylkeheiane har relativt låg toleranse for inngrep og forstyrringar. Simler med kalv har lågast slik toleranse. I kalvingstida er denne lågare enn elles i året.

St.m. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* lyftar fram sikring av villreinen sine leveområde som eitt av fem nasjonale resultatmål for arealforvaltning og utvikling i LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde). Det er eitt av ti nasjonale resultatmål for arealpolitikken totalt sett. Denne høge prioriteringa er ein følgje av to forhold:

- Noreg er det einaste landet i Europa som har intakte høgfjellsøkosystem med bestandar av villrein. Arten er difor ansvarsart for Noreg; det vil seie at vi har eit særskilt forvaltningsansvar for arten i europeisk samanheng. I tillegg har Noreg dei einaste restane av vill europeisk fjellrein. Reinen austover i Eurasia og i Nord-Amerika saknar heilt fleire genetiske eigenskapar som finst i dei norske villreinstammane.
- Leveområda for villreinen er alt splitta opp av ulike arealinngrep, i første rekkje vegar, jernbane og kraftutbygging.

Stortingsmeldinga slår fast at vern gjennom nasjonalparkar og landskapsvernområde berre dekkjer delar av villreinen sine leveområde, og at anna planlegging også er viktig. Utbygging og aktivitet i randsonene til fleire av villreinområda og ferdsel inn i områda blir vurdert å vere dei største utfordringane i dag.

No sist i november 2006 har Miljøverndepartementet tatt til følgje motsegner til tre ulike planar for hyttebygging nært villreinen sine leveområde/trekkvegar. I avgjerdene om ikkje å godkjenne utbyggingsplanane, framhever departementet den sterke vektlegginga av villreinen sine leveområde i St.m. 21 (2004-2005).

Nyare politiske dokument og forvaltningspraksis framhever med andre ord bevaring av leveområda for villrein som eit svært høgt prioritert miljømål. DN vil streke under at det er enda større fokus på dette no, enn det var i 1998-1999 da denne kraftlinja var på høyring og konsesjonsvurdering.

Område som er spesielt viktige for arten si framtid i Noreg, skal få status som nasjonale villreinområde. Setesdal-Ryfylke er foreslått som eit slikt nasjonalt villreinområde, og inngår også som del i ein av to foreslåtte europeiske villreinregionar. Setesdal-Ryfylke villreinområde er klimamessig svært havpåverka. Dette gir mykje snø og ofte nedising av vinterbeita. Dette klimaet fører òg til at området har små areal med lavbeite. Lavbeitet er i tillegg slitt som følgje av tidlegare overbeiting. Store mengder snø i området fører også til at villreinen kalvar lengre ned mot skogbandet her enn i mange andre villreinområde. Slike område utan forstyrringar blir stadig færre i Setesdalen, i takt med ein sterk auke i talet på hytter og hytteområde.

Det er gjort fleire studiar av kva barriereeffekt ei kraftlinje har for villrein. Delrapporten om villrein presenterer ulike konklusjonar og vurderingar av i kva grad ei kraftlinje vil vere et svært forstyrrande inngrep i forhold til reinen sin bruk av området. Rapporten tar opp viktige forhold når den peiker på korleis effekten av eit inngrep varierer, avhengig av både sesong, kjønn og alder, kor tamme dyra er,

beitekvalitet, storleiken på populasjonen og talet på forstyrrande inngrep som alt er i området. Fleire inngrep i same område ser ut til å gi sterkt auka effekt, jf rapporten frå "Reinprosjektet", der både Statnett og NVE var med i styringsgruppa.

Kraftlinja frå Holen og sørover mot Hisdalen vil krysse viktige funksjonsområde for villrein. Dersom konsesjonen til det vestlege alternativet (2.2.1) blir oppretthalden, vil linja krysse både vinterbeite-område og kalvingsområde. Begge desse funksjonsområdeslaga er kritiske ressursar for villreinen. Det austlege alternativet (2.2) kjem òg til å skjere av delar av kalvingsområdet, men med ein langt mindre del som blir liggjande aust for linja enn det vestlege alternativet.

DN vil peike på at reinen nyttar eit større areal som kalvingsområde enn det som kjem fram av kartet "Områdebruk – villrein" i tilleggsrapporten frå Statnett. Vi viser til vedlegg, basert på kart frå DNs villreinbase. Desse opplysningane skriv seg frå viltkartlegging gjennomført i regi av Fylkesmannen. Opplysingane skriv seg frå lokale ressurspersonar. Der slike opplysingar er sette saman med data frå dyr merka med GPS-halsbånd, styrker måten dei merka dyra har brukt områda på, opplysningane på desse karta.

Vi har tatt opp at simler med kalv har låg toleranse for inngrep, særleg i kalvingstida, og vidare at konsekvensane av eit nytt inngrep blir større dersom det er mange forstyrrande element i villreinområdet frå før. Risikoen for at dyra kjem til å vike unna områda er dermed særleg stor i denne saka, etter som det alt går to kraftliner i terrenget i nærleiken. DN stør derfor fagrapporten når han slår fast at:

> *"Innen villreinforvaltningen i Setesdal er det en generell oppfatning at grensen er nådd for hva reinsdyrene tåler av utbygging og forstyrrelser hvis man skal opprettholde dagens bestandsmål og det blir påpekt at det heller bør fokuseres på hvordan man kan redusere antall skadelige inngrep isteden for å fortsette innskrenkningen av uberørte områder."* (side 7)

DN vil derfor tilrå at omsynet til villreinen som ein høgt prioritert nasjonal miljøinteresse blir gitt avgjerande vekt ved valet av trasé. Vi viser òg til at det i denne saka ikkje er økonomiske grunnar som taler imot å ta nasjonale miljøomsyn ved at ein vel alternativ 2.2. framfor 2.2.1.

Eksisterande biotopvernområde
Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde er oppretta for å verne om trekkvegar og kalvingsområde for villrein. Det er eksisterande inngrep i området, m.a. kraftlinje, og det var derfor ein valde biotop-vern som verneform framfor å nytte naturvernlova. Det blei også gjort endringar i avgrensingane av verneområdet like før det blei freda, av omsyn til inngrepssituasjonen. Verneområdet blei oppretta i 2000, etter at avgjerda om konsesjon for kraftlinja var påklaga til OED. I regjeringa sitt vernevedtak kommenterer ein planane om ny kraftlinje og slår fast at det ut frå naturfaglege argumenter hadde vore best om linja blei lagt utanfor biotopvernområdet.

DN tilrår at ein vel det austlegaste alternativet til trasé, slik at ein unngår nye inngrep i verneområdet.

Mogleg framtidig naturreservat
DN har no til vurdering eit mogleg framtidig verneområde i Hisdalen. Området vil eventuelt bli oppretta som naturreservat med formål å verne skogen. Det konsesjonsgitte alternativet for kraftlinja, 2.2.1, kan komme til å krysse dette framtidige verneområdet, medan alt. 2.2. går aust for området.

Ei ny kraftlinje vil i mindre grad vere i fagleg konflikt med verneinteressene i dette området, samanlikna med verneformålet i biotopvernområdet. Området har alt inngrep i form av kraftlinjer. Saka viser

likevel spennet av nasjonalt viktige verneinteresser i området omkring den konsesjonsgitte traséen.

3. Konklusjon

DN vil igjen oppmode om at ein vel traséalternativ 2.2 på strekninga frå Holen til Hisdalen ved framføring av ny kraftlinje i Setesdalen. Det er stor risiko for at villreinen kjem til å vike unna vinterbeitet og kalvingsområda ved eventuell framføring etter traséalternativ 2.2.1. Også alternativ 2.2 kjem til å skjere av delar av kalvingsområdet, men med ein langt mindre del aust for linja enn det vestlege alternativet. Traséalternativ 2.2 går utanfor grensene for biotopvernområdet og eit mogleg framtidig naturreservat på strekninga.

4. Avbøtande tiltak

Ein bør sjå på korleis ein kan bøte på nokre av dei negative verknadene på landskapet gjennom avbøtande tiltak, som val av farge på master og leidningar. Dette gjeld ikkje minst på den sørlegaste delen av strekket, frå Brokke og sørover, der linja i større grad går i skogterreng.

Med helsing

Janne Sollie
Direktør

Berit Lein
Dir. Arealforvaltningsavd.

Kopi til:

Miljøverndepartementet	Postboks 8013 Dep	0030 Oslo
Fylkesmannen i Aust-Agder	Serviceboks 606	4809 Arendal

Vedlegg

1 Arealinteresser for villrein inntil planlagt kraftlinjetrase på strekninga Holen-Hisdalen – Kart